



NVE

GLOPPEN KOMMUNE

Grandavegen 9

6823 SANDANE

Vår dato: 10.02.2026

Vår ref.: 202305721-42 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om konsesjon for bygging og drift av Re Energi kraftverk i Storelva i Gloppen kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Re Energi AS om løyve etter vassdragsreguleringslova og energilova til bygging og drift av Re Energi kraftverk. Søknaden blir nå send på høyring med høyringsfrist **måndag 18. mai 2026**. NVE vil holde eit offentleg informasjonsmøte om saken torsdag 12. mars 2026 klokka 18 i Breimshallen.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad frå Re Energi AS datert 26. november 2025, om løyve etter vassdragsreguleringslova til bygging av Re Energi kraftverk. Re Energi ønskjer å utnytte fallet i Storelva i Gloppen kommune til kraftproduksjon, der dei nedste om lag 3,3 km av elva vil bli fråført vatn. Kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 60 m³/s og ein installert effekt på 28,5 MW. Den årlege middelproduksjonen er estimert til 90 GWh.

Re Energi AS søker om løyve etter energilova for å byggje, eige og drive elektriske anlegg i kraftverket, og til å knytte det til nettet. Kraftverket er planlagt tilknytta overliggande nett med ein 132 kV kabel til Reed stasjon. Kabelen er planlagt lagt saman med avløpstunnelen.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9049/V.

Søknaden skal behandlast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 12 og energilova § 2-2. Etter delegeringsvedtak frå Energidepartementet av 29. august 2025, vil NVE fatte vedtak i saken.

Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: [Saksgang C: Tiltak etter vassdragsreguleringsloven som har krav til melding - NVE](#)

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngjevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9049/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202305721 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202305721 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **måndag 18. mai 2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Invitasjon til offentlig møte torsdag 12. mars 2026 i Breimshallen

NVE inviterer til eit offentlig møte om saka i Breimshallen, E39 6, 6827 Breim, **torsdag 12. mars 2026 kl. 18:00**. På møtet vil NVE orientere om saksbehandlinga av meldinga, og Re Energi AS vil orientere om planane. Det vil også være høve til å stilla spørsmål til NVE og Re Energi. Møtet er ope for alle.

Til kommunen

Vi ber Gloppen kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Håvard Vedeler Nilsen

rådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

Nordfjord Vassområde - Birgitte Kathrine Sunde Bjaanes
Breim Bondelag - Arne Frode Ovreseth
STATENS VEGVESEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Bondelag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Norges Padleforbund
STATNETT SF
GLOPPEN KOMMUNE
Norges Miljøvernforbund
Energidepartementet
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Mattilsynet
Midtre Nordfjord Turlag
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE
WWF Norge AS
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Fortidsminneforeningen
Fortidsminneforeningen i Hordaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Sunnfjord Kajakklubb
Ola Bergheim
Naturvernforbundet
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
MOTVIND NORGE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
LINJA AS

Kopimottakarliste: